




Hordaland barne- og ungdomsråd
Postboks 408 SENTRUM
5805 Bergen



Bergen 28.01.2016

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga v/Per Morten Ekerhovd
PB 7900
5020 Bergen

Ber om grungjeving vedrørande stor reduksjon av driftstilskotet for 2016.

Styret i Hbur er gjort kjend med at Kultur- og idrettsavdelinga har føreslege en stor reduksjon i Hbur sitt driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune frå kr. 696 000,- til kr. 500 000,-. Ein etter Hbur sin vurdering sær kraftig reduksjon på kr. 196 000,-.

Dette er ein reduksjon på over 28,1 %, og reduksjonen er lagt til grunn ut frå følgjande grungjeving frå administrasjonen i Hordaland fylkeskommune:

«HBUR – Hordaland barne- og ungdomsråd er ein nettverksorganisasjon for barne- og ungdomsorganisasjonar. Organisasjonen har tidlegare, i tillegg til si nettverksrolle, hatt fleire oppgåver gjennom Hordaland fylkeskommune. Handteringa av desse oppgåvene har dei siste åra vore gjennom ei omlegging. Sekretariatet for Ungdommens fylkesutval og fylkeskontakt for UKM Hordaland er flytta frå HBUR til administrasjonen i Hordaland fylkeskommune, og ungdomskonferansen har ikkje vore halde siste år. Fylkesrådmannen forslår difor driftstilskot på kr 500 000 i 2016.»

Det er riktig at Hbur tidlegare har hatt fleire oppgåver gjennom Hordaland fylkeskommune. Tilskot/stønad Hbur har fått i samanheng med desse oppgåvene er allereie trekt tilbake, og det aktuelle ordinære driftstilskotet det her er snakk om har aldri vore ein del av det tilskotet Hbur fekk for å gjere dei nemnte oppgåvene, som i seinare tid er flytta attende til administrasjonen i Hordaland fylkeskommune.

Tilskot/støtte Hbur fekk for arbeidet med sekretariatet for Ungdommens fylkesutval og fylkeskontakt for UKM Hordaland vart gjeve i eigne tilskot/stønad til Hbur. Desse var så ført i eigne inntektspostar i Hbur sitt rekneskap og budsjett. Det same gjeld det ordinære driftstilskotet og tilskotet til å arrangere ungdomskonferansen/årsmøtet.

I driftstilskotet på kr. 696 000,-, som Hbur fekk for 2015, låg det inkludert eit tilskot/støtte på 10 % av fordelingsbeløpet, som er løyvd til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Denne stønaden skal dekke Hbur sine kostnader m.m. i samanheng med arbeidet Hbur gjer for fylkesadministrasjonen med handsaming av søknadene om driftsstøtte og lage forslag til innstilling om fordelinga av driftsstøtta til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane på fylkes/regionalt nivå i Hordaland.

Dette har vært ei ordning, som tidlegare er godkjent av Hordaland fylkeskommune. Dette vil ein kunne sjå av tidlegare vedtak som er gjort av fylkeskommunen. Om det no er denne stønaden Hordaland fylkeskommune vil trekke frå Hbur sitt driftstilskot, så blir dette noko

urimeleg. Særleg all den tid at Hbur ikkje har fått noko signal frå Hordaland fylkeskommune om at vi ikkje skal gjera dette arbeidet også i 2016.

Når det no vert gjort kraftige reduksjonar i det ordinære driftstilskotet til Hbur med grunngjeving i fråfall av oppgåver der tilskot/støtte allereie er tatt vekk, så er dette ei usakleg grunngjeving Hbur ikkje kan akseptere. Det bes derfor om at Hordaland fylkeskommune gjev ei sakleg forklaring på den kraftige reduksjonen av Hbur sitt driftstilskot for 2016.

Bortfall av stønad til ungdomskonferansen:

Når det gjeld tilskotet Hbur har fått for å arrangere ungdomskonferansen, så er det rett at den ikkje vart arrangert i 2015, men Hbur har i år planlagt å gjennomføre dette. Hbur kan derfor akseptere at tilskotet på kr. 48 000,- (for 2015) fell vekk i år, men ber om at denne tilskotsposten til Hbur vert lagt inn att for 2016.

Oppmoding om å revurdere avgjerda om årets driftstilskot til Hbur:

Hbur håpar at Hordaland fylkeskommune kan revurdere årets tildeling av driftstilskot og justere dette opp til minimum same nivå som for 2015. Hbur ser elles fram til eit vidare godt samarbeid med Kultur- og idrettsavdelinga i åra som kjem.

Andre opplysningar:

Når det gjeld den kraftige reduksjonen av driftstilskotet til dei regionale barne- og ungdomsorganisasjonane, samt endring av tildelingskriteria til dette driftstilskotet utan at dette på førehand er rådført med Hbur, så vil me om kort tid kome attende til det i eit eige skriv.

Med venleg helsing



Øystein Rambjørg
Styreleiar

Fredrik Henriksen (S)
Nestleiar

Kopi:
Kultur og Idrettsavdelinga v/Ronny Skaar
Kultur og Idrettsavdelinga v/Marianne Ose Askvik